

# KOMMUNEDELPLAN

## **Handlingsplan for menneske med nedsett funksjonsevne 2010 - 2014**

**Kvam herad**

*Eit tilgjengeleg og inkluderande samfunn*



<b>0.0</b>	<b>INNLEIING</b>	<b>S. 3</b>
<b>1.0</b>	<b>MÅLSETJING</b>	<b>s. 5</b>
<b>2.0</b>	<b>ORGANISERING</b>	<b>s. 5</b>
<b>3.0</b>	<b>DOKUMENTSTYRING</b>	<b>s. 6</b>
<b>4.0</b>	<b>OPPLÆRING</b>	<b>s. 6</b>
<b>5.0</b>	<b>OVERSIKT OVER KRAV FASTSETT I LOV OG FORSKRIFT</b>	<b>s. 6</b>
<b>6.0</b>	<b>OPPGÅVER:</b>	<b>s. 7</b>
<b>6.1</b>	<b>UNIVERSELL UTFORMING</b>	<b>s. 7</b>
<b>6.2</b>	<b>LIKESTILLING OG DELTAKING</b>	<b>s. 8</b>
	<b>6.2.1 Arbeid</b>	<b>s. 9</b>
	<b>6.2.2 Barnehage</b>	<b>s. 10</b>
	<b>6.2.3 Grunnskule</b>	<b>s. 11</b>
	<b>6.2.4 Helsetenester</b>	<b>s. 12</b>
	<b>6.2.5 Sosiale tenester</b>	<b>s. 12</b>
	<b>6.2.5.1 Pleie og omsorg</b>	<b>s. 12</b>
	<b>6.2.5.2 Bustad</b>	<b>s. 13</b>
	<b>6.2.6 Fritid / kultur / friluftsliv</b>	<b>s. 14</b>
<b>7.0</b>	<b>RISIKOVURDERING</b>	<b>s. 14</b>
<b>8.0</b>	<b>PROSEDYRE FOR HANDTERING AV AVVIK</b>	<b>s. 14</b>
<b>9.0</b>	<b>PROSEDYRE FOR INTERN REVISJON</b>	<b>s. 14</b>
<b>10.0</b>	<b>FRAMLEGG TIL TILTAK</b>	<b>s. 15</b>

## 0.0 INNLEIING

Variasjon i funksjonsevne er eit naturleg uttrykk for menneskeleg mangfald. Personar med nedsett funksjonsevne er fullverdige borgarar i samfunnet og skal ha moglegheit til å oppleve seg som det. Prinsippet om likeverd er eit fundament i FN si menneskeretts-erklæring. Noreg har funne det naturleg å bruka diskrimineringslovgeving som verkemiddel for å fremja likeverd og likestilling.

Sidan ansvar for tiltak for menneske med nedsett funksjonsevne er nedfelt ulike lover og vert forvalta av ulike kommunale einingar, er det hensiktsmessig å samla tiltaka i eit felles dokument. Dette dokumentet er ei revidering av Handlingsplan for funksjonshemma 2004-07

### Statlege dokument som ligg til grunn i planarbeidet:

- "Lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne" (diskriminerings- og tilgjengelighetslova), iverksett 01.01.09
  - skal fremja likestilling og likeverd
  - skal sikra like moglegheiter og rettigheter til samfunnsdeltaking for alle
  - skal hindra diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne
  - skal bidra til nedbygging av samfunnsskapte funksjonshemmande barrierer og hindra nye.
- Ot.prop nr. 44 (2007-2008) "Om lov om forbud mot diskriminering pga nedsatt funksjonsevne".
- NOU 2005:8 "Likeverd og tilgjengelighet" (m/utkast til diskriminerings- og tilgjengelighetslova)
- "Regjeringens handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009-2013". Regjeringa sin visjon er at Norge skal vera universelt utforma innan 2025. Planen inneheld fire innsatsområde: uteområde/planlegging, transport, IKT, bygningar.
- Utredning 2003-4: "Friluftsliv for funksjonshemmede" med fokus på nærmiljøet, - som er lettast tilgjengeleg og kan nyttast i størst grad.
- St.meld nr 40 (2002-2003) "Nedbygging av funksjonshemmende barrierer" som byggjer på verdigrunnlaget likeverd, sjølvbestemmelse, aktiv deltaking, personleg og sosialt ansvar. Å byggja ned funksjonshemmande barrierer er todelt: å styrkja den einskilde sine føresetnader samtidig som ein gjer samfunnet meir tilgjengeleg.
- NOU 2001:22 "Fra bruker til borger" som har fokus på
  - likestilling og full deltaking
  - tilrettelegging og tilgjengelighet til produkter og tenester/ informasjon/tekniske hjelpemidler
  - universell utforming

Tidlegare handlingsplanar for funksjonshemma i Kvam herad:

- "Handlingsplan for funksjonshemma 1997 – 2000"  
der målet var å "Setja søkelyset på funksjonshemma sin situasjon for å auke tilgjenge og betra levekår". Satsingsområde i planen:
  - Kvam må bli eit tilgjengeleg samfunn
  - God planlegging og brukarmedverknad skal sikra funksjonshemma sine rettar.
- "Handlingsplan for funksjonshemma 2004 – 2007"  
der målet var "Eit tilgjengeleg samfunn, planlegging og brukarmedverknad og høg kompetanse når det gjeld praktisering av menneske med funksjonshemming sine rettar". Planen byggjer på NOU 2001:22 "Fra Bruker til borger. En strategi for nedbygging av funksjonshemmende barrierer". Satsingsområde i planen er:
  - eit tilgjengeleg samfunn
  - planlegging og brukarmedverknad
  - funksjonshemma sine rettar

## 0.1 Organisering av planarbeidet:

- Oppdragsgjevar Rådmannen
- Arbeidsgruppe Arne Aksnes, kommunelege  
Anna Mo-Bjørklund, PPT grunnskule/ Helse- og velferd  
Lars Erik Klafstad, kultursjef  
Leif Ingmar Kaale, overordna planarbeid  
Tore Skeie, teknisk eining  
Åslaug Bøhn Botnen, pleie- og omsorgssjef  
Helga Sørhus, NAV
- Referansegrupper: Funksjonshemma sine interesseorganisasjonar i Kvam  
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
- Høyringsinstansar: Foreldreutvala i skule  
Samarbeidsutvala i barnehage  
Grendautval  
Næringsutval  
Alle kommunale einingar

## 0.2 Definisjonar:

### Nedsett funksjonsevne

”Med nedsatt funksjonsevne menes tap av eller skade på en kroppsdel eller i en av kroppens funksjoner. Dette kan for eksempel dreie seg om

- fysiske funksjoner som nedsatt bevegelses-, syns- eller hørselsfunksjon
- nedsatt kognitiv funksjonsevne som innebærer redusert evne til mentale prosesser som språk, hukommelse, informasjonsbearbeidelse, problemløsning og ervervelse av kunnskap og erfaringer.
- psykiske lidelser som sykdommer og tilstander som ikke direkte har konsekvenser for kognitive funksjoner.
- ulike funksjonsnedsettelse pga allergi, hjerte- eller lungesykdommer.”  
(st.meld 40 (2002-2003))

### Universell utforming

”Med universell utforming menes utforming eller tilrettelegging av hovedløsningen i de fysiske forholdene slik at virksomhetens alminnelige funksjon kan benyttes av flest mulig.”  
(Diskriminerings- og tilgjengelighetslova § 9)

### Brukarmedverknad

Brukarmedverknad inneber at dei som vert berørt av ei avgjerd, eller er brukar av ei teneste, får innflytelse på beslutningsprosessen og utforming av tenestetilbodet.

## 1.0 MÅLSETJING

### 1.1. Visjon:

Kvam skal vera den beste nærings- og bukommunen i Hordaland.

Kvammassamfunnet skal ha gode og likeverdige livsvilkår for alle

### 1.2 Hovudmål:

1. All kommunal verksemd skal arbeida aktivt og målretta for å fremja universell utforming og motverka diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne.
2. Kvam herad skal syta for individuell tilrettelegging slik at personar med nedsett funksjonsevne får likeverdige mogelegheiter og tilbod. Dette gjeld særleg born i barnehage og skule, arbeidstakarar i kommunen, og tenestetilbod til innbyggjarane innan sosial- og helsetenester.

### 1.3 Resultatmål: (konkrete mål som skal nåast).

1. Alle kommunale nybygg skal ha universell utforming
2. Ved ombygging av kommunale bygg skal det vurderast og sikrast universell utforming.
3. Andre bygg som vert nytta til kommunale tenester skal ha universell utforming
4. Individuelle behov for tilrettelegging av bygg og tenester skal vurderast og sikrast spesielt.

### 1.4 Effektmål: ( effekt for brukaren).

1. Menneske med nedsett funksjonsevne har tilgjenge til offentlege tenester, bygg og uteområde.
2. Menneske med nedsett funksjonsevne har innverknad på eigen kvardag ved å delta i prosessar som gjeld egne levekår.
3. Foreldre/pårørande opplever tryggleik og reell avlasting.

### MÅLGRUPPE:

Planen rettar seg mot :

- politikarar
- planleggjarar
- tilretteleggjarar / leiarar/ tenesteytarar

## 2.0 ORGANISERING

”Handlingsplan for menneske med nedsett funksjonsevne” er ein delplan av Kvam herad sin kommuneplan 2002 – 2014. Kommuneplanen legg premissar og strategiar for arbeidet på sektorar som er viktige for å sikre alle innbyggjarar eit verdig tilbod.

Handlingsplan for funksjonshemma har ein delplan: Handlingsplan for psykisk helsearbeid 2007 - 2010.

Økonomiplan og årsbudsjettet må fanga opp vedtekne tiltak som treng løyvingar.

### **3.0 DOKUMENTSTYRING**

Planen skal vera forankra i økonomiplanen og skal nyttast årleg i samband med budsjettarbeid i dei einskilde driftseiningane. Alle plandokument og årsbudsjett skal visa korleis driftseiningane har teke omsyn til sine tiltak i handlingsplanen for funksjonshemma.

### **4.0 OPPLÆRING**

Kommunen har ansvar for opplæring av sine tilsette for å utvikla, sikra og oppretthalda best mogeleg kompetanse. Den einskilde medarbeidar har på si side eit eige ansvar for å halda sine kunnskapar vedlike. Det er viktig å sikra at den kompetansen dei tilsette tileignar seg vert ført tilbake til samarbeidspartar internt og eksternt. Det må skje gjennom nettverk i og mellom driftseiningane.

### **5.0 OVERSIKT OVER KRAV FASTSETT I LOV OG FORSKRIFT.**

Fleire lover og forskrifter har klare krav til korleis kommunen skal leggja til rette for menneske med nedsett funksjonsevne:

- Lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling m/forskrifter
- Lov om helsetenesta i kommunen
- Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern.
- Lov om helsepersonell m v.
- Lov om pasientrettar
- Lov om sosiale tenester
- Lov om barneverntenester
- Lov om barnehager.
- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa
- Lov om friluftsliv

## 6.0 OPPGÅVER

Menneske med nedsett funksjonsevne har same grunnleggjande behov som andre menneske. Det er ikkje behova, men løysingane, som er annleis. Den nye diskriminerings- og tilgjengelighetslova ligg til grunn for planen, og deler dette avsnittet i to hovudpunkt: "Universell utforming" som rettar seg mot fysiske løysingar i bygg og uteområde. "Likestilling og deltaking" som rettar seg mot utøving av dei ulike offentlege tenestene. Under kvart punkt er det ei oppstilling av behov og ei tilråding frå arbeidsgrupa. Tiltaka er avgrensa til å omfatta dei område som kommunen har ansvar for etter lover og forskrifter.

### 6.1 UNIVERSELL UTFORMING

Universell utforming gir retningslinjer for utforming/ tilrettelegging av hovudløysingane i bygningar, uteareal, informasjons- og kommunikasjonsteknologi for å gje flest moglege tilgjenge uavhengig av funksjonsevne. Tilgjenge har vore eit internasjonalt og nasjonalt mål gjennom mange år. Manglande tilrettelegging skaper trong for individuelle tiltak og dyre særløysingar og er såleis ei dårleg løysing både for den einskilde og for samfunnet.

Den nye Diskriminerings- og likestillingslova § 9 heimlar krav om universell utforming (generell tilrettelegging) for offentleg og privat verksemd retta mot ålmenta innafor:

- bygningar, anlegg og uteområde, - etter krav i plan og bygningslova
- informasjons- og kommunikasjonsteknologi som vert nytta til å gjera informasjon anvendbar (med brukargrensesnitt retta mot ålmenta) skal vera universelt utforma frå og med 01.07.11. Staten skal laga standardar og retningslinjer for dette.

Som planstyremakt har kommunen det primære ansvaret for å leggja inn dei nasjonale måla i det lokale arbeidet. Desse måla skal liggja til grunn for kommunal planlegging og vera retningsgjevande i behandling av einskildsaker.

Plan- og bygningslova med føresegner er den sentrale lova når det gjeld fysisk utforming.

#### **Behov for tiltak som er avdekka under planarbeidet:**

- Det er ikkje tilstrekkeleg å planleggja rette og gode løysingar. Planlagde tiltak må fylgjast nøye gjennom heile byggeprosessen for å sikra at resultatet vert som planlagt.
- Fysisk tilgjenge og handikap-toalett er i stor grad utført i kommunale bygg, men ein har ikkje i same grad hatt fokus på orienteringshemming.
- Teleslynge i heradstyresalen manglar (krev noko ombygging av rommet)
- Mangelfull merking av parkeringsplassar ved kommunale bygg for menneske med nedsett funksjonsevne
- Automatisk døropnar eller liknande løysingar manglar i dei fleste kommunale bygg
- Det manglar praksis på / system for å ta brukarrepresentant med i planleggingsarbeid.
- Handikaptoalett manglar i andre offentlege bygg/ serveringsstader/ hotell (ansvar: Fylkeskommunen, private)
- Manglande rampe ved Ingebrigt Vik museet (ansvar: Fylkeskommunen)
- Behov for bussar med tilgjenge for rullestolbrukarar også i distrikta (Fylkeskommunen)
- Behov for overgangar/ fotgjengarfelt ved sterkt trafikkerte stader i Kvam (ansvar: Staten)

### Arbeidsgruppa tilrår:

1. Alle bygg som kommunen nyttar til sine tenester skal ha universell utforming.
  - Større merksemd på prosessen frå planlagde tiltak til gjennomføring slik at løysingar på papiret vert løysingar i praksis ved nybygg/ ombygging av offentlege bygg
  - Større fokus på tilrettelegging for orienteringshemma
  - Oppmoda om at bygningar kommunen leiger til arrangement skal stetta krava til universell utforming
2. Syta for medverknad frå brukarrepresentant, ergoterapeut eller andre med særskilt ansvar for å sikra universell utforming i plansaker ved nybygg /omfattande ombygging tiltenkt ålmenta eller personar med nedsett funksjonsevne.
3. Spesielt fokus på fylgjande ved sakshandsaming etter plan og bygningslova:
  - Helse-Miljø-Sikkerhet (HMS)
  - tilgjenge
  - sanksjonar i samsvar med lova.
  - Dispensasjon
    - ved søknad om dispensasjon frå brukbarhetskravet for orienterings- og rørslehemma er det utvida varslingsplikt ( t.d. også til brukargrupper)
    - Det skal ikkje dispenserast frå brukbarhetskravet for orienterings- og rørslehemma når det gjeld arbeids- og publikumsbygg, -inkludativ handicap WC.
    - Er kravet ikkje innfridd, skal det ikkje gjevast løyve til å ta i bygget i bruk
4. Teleslynge i heradstyresalen
5. Tydeleg merking av parkeringsplassar for handikappa ved kommunale bygg.
6. Arbeida for å påverka fylkeskommune, stat, næringsdrivande til å tilretteleggja for fysisk tilgjenge og handikaptalett i alle bygg som tiltenkt ålmenta i Kvam.

## 6.2 LIKESTILLING OG DELTAKING

Likestillings- og diskrimineringslova inneheld eit

- forbod mot direkte og indirekte diskriminering § 4:
  - direkte diskriminering: ”en handling eller unnlåtelse som har som formål eller virkning at personer som på grunn av nedsatt funksjonsevne blir behandlet dårligere enn andre blir, er blitt eller ville blitt behandlet i tilsvarende situasjon.”
  - indirekte diskriminering: ”enhver tilsynelatende nøytral bestemmelse, betingelse, praksis, handling eller unnlåtelse som fører til at personer på grunn av nedsatt funksjonsevne stilles dårligere enn andre.”
- plikt til individuell tilrettelegging § 12:
  - ”arbeidsgiver skal foreta rimelig individuell tilrettelegging av arbeidsplass og arbeidsoppgaver for å sikre at en arbeidstaker med nedsatt funksjonsevne kan få eller beholde arbeid, ha tilgang til opplæring og annen kompetanseutvikling samt utføre og ha mulighet til fremgang i arbeidet på lik linje med andre.” – omfattar ikkje tilrettelegging som inneber ei uforholdsmessig byrde.
  - ”Skole- og utdanningsinstitusjon skal foreta en rimelig individuell tilrettelegging av lærested og undervisning for å sikre at elever og studenter med nedsatt funksjonsevne får likeverdige opplærings- og utdanningsmuligheter.”
  - ”Kommunen skal foreta rimelig individuell tilrettelegging av barnehagetilbud for å sikre at barn med nedsatt funksjonsevne får likeverdige utviklings- og aktivitetmuligheter.”
  - Kommunen skal foreta rimelig individuell tilrettelegging av tjenestetilbud etter sosialtjenesteloven og kommunehelsetjenesteloven av varig karakter for den enkelte,

for å sikre at personer med nedsatt funksjonsevne får et likeverdig tilbud.” – omfattar ikkje tilrettelegging som inneber ei uforholdsmessig byrde. I tillegg til desse områda, som er nemnde i lova, er fritid/ kultur/ friluftsliv teke med i planen.

### **6.2.1 Arbeid**

Kvam herad er ei bedrift med avtale om inkluderande arbeidsliv (IA-bedrift). Det inneber eit særskilt ansvar for individuell tilrettelegging av arbeidsplassen for dei tilsette i kommunen. Kvam herad arbeider aktivt for å gjennomføra dette.

Mange som ikkje har del i arbeidslivet har ei arbeidsevne som dei ynskjer nytta. For å få dette til trengst det arbeidsplassar som er villig til å gje ekstra støtte i starten og tilretteleggja arbeidsplassen på permanent basis. Norheimsund Industrier og Arbeid med Bistand er gode statlege tiltak i startfasen. Andre bedrifter legg og til rette for utprøving og tilsetjing. Men det er for få slike arbeidsplassar i Kvam. Storeholmen VTA tilbyr tilrettelagt arbeid for personar som treng sysselsetjing. Det er dagsenter for eldre, demente, utviklingshemma.

#### **Behov for tiltak som er avdekka under planarbeidet:**

- Fleire tilrettelagde arbeidsplassar for personar som kan utføra løna arbeid
- Fleire typar dagtilbod / sysselsetjing for personar som treng aktivitet for stimulering og vedlikehald av ferdigheter, - tilrettelagt i høve til alder og type funksjonsnedsetting.

#### **Arbeidsgruppa tilrår:**

1. Arbeida for at kommunale einingar og private bedrifter satsar meir på tilrettelagde arbeidsplassar.
2. Arbeida for eit breiare spekter av statleg økonomisk støtte til arbeidsgjevarar som ynskjer tilby tilrettelegde arbeidsplassar
3. Tilretteleggja for breiare spekter av dagtilbod / aktivitetstilbod for personar som ikkje kan gå i tilrettelagt arbeid.

### **6.2.2 Barnehage**

Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage (barnehagelova § 13). Når eit barn har fått plass i barnehagen, oppstår plikt til å ta omsyn til barnet sine behov ved utforming av barnehagetilbodet. Barn med særlege behov under skulealder har rett til spesialpedagogisk hjelp etter § 5.7 i Opplæringslova. Barnehagen har eit særleg ansvar for å førebyggja vanskar, å oppdaga barn med særskilde behov og å gje desse borna eit spesielt tilrettelagt tilbod. Rammeplan for barnehage gjev konkrete føringar for korleis barnehagen skal leggja til rette for alle barn. Barnehagen har ein kultur for å vera ein god arena for inkludering og deltaking for barn med nedsett funksjonsevne. Generelt har dei vaksne høg bevissthet om å involvera seg i borna sin kvardag, interesser og erfaringar. Inntrykket er at barnehagen har fokus på ressursar hos det enkelte barnet.

### **Behov for tiltak som er avdekka under planarbeidet:**

- Vedtekne rutiner i overgangen mellom barnehage og skule vert ikkje alltid følgt.
- Spesialpedagogisk kompetanse må i større grad sikrast, samordnast og vidareutviklast.
- Barnehagen treng jamnleg informasjon om tenester, tiltak og rutinar for samarbeid.
- Meir spesialpedagogisk kompetanse hos førskulelærarar/ andre tilsette som arbeider med barn som har trong for særskilde løysingar.

### **Arbeidsgruppa tilrår:**

1. Utvikla og gi opplæring i spesialpedagogiske rutinar i alle barnehagar (grøn perm).
2. Alle barnehagar opprettar "spesialpedagogisk kontakt".
3. Sikra spesialpedagogisk kompetanse gjennom vidareutdanning.
4. I større grad nytta kompetanse på tvers av barnehagar og overføre til skule ved behov.

## **6.2.3 Grunnskule**

Opplæringslova § 9 slår fast at eleven har rett til individuelt tilpassa arbeidsplass og ein skule som er innreia slik at eleven ikkje møter funksjonshemmande barrierer i nokon del av skulemiljøet. Elevar med nedsett funksjonsevne skal kunna fungera i skulemiljøet utan at det set unødige grenser for læring, deltaking og livsutfalding. § 1 slår fast at opplæringa skal vera tilpassa den einskilde elev sine evner og føresetnader. Elevar som ikkje kan ha eller har tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har individuell rett til spesialundervisning etter § 5.1. Dersom ein elev på grunn av funksjonshemming har trong for skuleskyss, har eleven rett på det uavhengig av avstand mellom heim og skule.

### **Behov for tiltak som er avdekka under planarbeidet:**

- Elevar med utviklingshemming, psykiske vanskar og åtferdsvanskar må få nok hjelp og støtte i skulekvardagen, slik at dei kan sikrast inkludering og deltaking i fellesskapet
- Vaksne med nedsett funksjonsevne treng hjelp til vedlikehald og utvikling av ferdigheter.
- Sikra kompetanseheving innan spesialpedagogikk.
- Betre oversikt over og kjennskap til rutinar for spesialundervisning i skulane.
- Betre kjennskap til ulike kommunale tenester og korleis samarbeidet fungerer.
- Tettare samarbeid mellom skule og barnehage. Barnehagen er eit pedagogisk tilbod med krav til læring innan språk, matematikk, sosial læring m m. Skulen treng meir kjennskap til kva som er gjort i barnehagen når skuletilbodet for barnet skal utformast.
- Klare rutinar ved overgang mellom barnehage/skule, barneskule/ ungdomsskule og ungdomsskule/vidaregåande skule for å sikra overføring av viktig informasjon..
- Avsvar for koordinering av Individuell Plan (IP) for barn og unge må fordelast betre. For barnehage- /grunnskuleborn er dette lagt til PPT og avd. for psyksik helse, og er ei for stor arbeidsbelastning på dei tilsette der. Overgang til vidaregåande skule er ei særleg utfordring m.a. fordi OT-PPT og skulen (fylkeskommunen) meiner at ansvar for IP er ei kommunal oppgåve. Dette medfører at koordineringsansvaret for hjelpetiltak vert lagt til personar som er for perifere i arbeidet med eleven sin situasjon.

### **Arbeidsgruppa tilrår:**

1. Utvikla og gi opplæring i eksisterande rutinar (grøn perm) når det gjeld spesialundervisning og særleg i overgang mellom skular.
2. Vedlikehalda/ utvikla spesialpedagogisk kompetanse. Oppretta nettverk på tvers av skular
3. Tilsetja fagpersonar med sosialpedagogisk kompetanse/psykisk helsearbeid i skulen. Slik fagkompetanse bør nyttast på tvers av skulane etter behov.
4. Utvikla det tverrfaglege samarbeidet på systemnivå og gjennom bruk av Individuell Plan.
5. Utvikla rutinar for ansvarsdeling mellom tenestene når det gjeld barn og ungdom som har rett til Individuell Plan.
6. Eining for barnehage og for skule må i større grad samordna tilsetjingsprosessar for å nytta opparbeidd kompetanse der det til eikvar tid er størst behov.
7. Oppretthalda og vidareutvikla tilbod om vaksenopplæring

### **6.2.4 Helsetenester**

Kommunehelsetenestelova pålegg kommunen å syta for naudsynte helsetenester for alle som bur eller midlertidig oppheld seg i kommunen. Krava vert oppfylte gjennom tilbod på lege-, fysioterapi-, jordmor-, helsestasjon-, skulehelse-teneste, heimesjukepleie og heildøgns omsorg og pleie inkludert psykiatrisk sjukepleie. Å leva med kronisk sjukdom eller funksjonsnedsetjing medfører ofte at ein har trong for spesielle og utvida helsetenester. Desse tenestene kan vera avgjerande for å sikra den einskilde mogelegheit til å delta på ulike arenaer i livet.

Andre tenester som finst i Kvam:

Høyrselkontakt – samarbeid med spesialisthelsetenesta og Grannehjelpa

Synskontakt - avtale med optikar om kartlegging av behov for hjelpemiddel

Kommunal logopedteneste

Kommunal psykolog for barn og unge

Psykolog for vaksne, Helse Vest har kontordagar i Kvam

Psykomotorisk fysioterapi

Fysioterapitenesta organiserer ulike gruppetilbod.

Kvam samarbeider med Lærings- og Meistringssenteret på Voss om å gje hjelp til å læra å leva med kronisk sjukdom. Det vert arbeidd med å overføra ansvaret for dette til kommunen.

Habilitering og rehabilitering er statlege satsingsområde, og kommunen arbeider med å oppretta tverrfaglege team i dette arbeidet. I Kvam finns det team innafor området barn og unge, demens, psykiatri, rus, diabetes og kreft.

### **Behov for tiltak som er avdekka under planarbeidet:**

- Auka kompetanse for å kunna setja inn tiltak i tidleg fase av problemutvikling
- Vidareutvikla Lærings- og Meistringstilbodet i Kvam
- Vidareutvikla samarbeid mellom dei ulike tenestene
- Fleire spesialist-helsetenester med kontordagar i Kvam

### **Arbeidsgruppa tilrår:**

1. Auka kunnskap om ulike funksjonshemmingar og hjelpetiltak
2. Vidareutvikla Lærings- og meistringstilbod lokalt
3. Oppretta tverrfaglege team der det er hensiktsmessig innan habilitering/ rehabilitering
4. Arbeida for fleire spesialisthelsetenester lokalt

## 6.2.5 Sosiale tenester

Sosiale tenester har som mål å betra levekåra for vanskelegstilte, bidra til auka likeverd og likestilling og bidra til at den einskilde får høve til å leva og bu sjølvstendig og til å ha eit aktivt og meningsfylt tilvære i fellesskap med andre. (Sosialtenestelova §1)

### 6.2.5.1: Pleie- og omsorg

Kommunen skal gje praktisk bistand og opplæring, avlastningstiltak, støttekontakt, plass i institusjon eller bustad med heildøgns omsorgstenester til den som er heilt avhengig av personleg eller praktisk hjelp. Kommunen skal tilby tenester som er tilpassa den einskilde sine behov. (Sosialtenestelova § 4)

#### Behov for tiltak som er avdekkja under planarbeidet:

- Tenestene er oppdelt i ulike einingar/ avdelingar og står i fare for å verta oppstykkja. Det trengst eit forum som tenkjer heilskapleg og overordna, og er ein pådrivar for gode tenester til denne gruppa i Kvam.
- Heimetenester med god kunnskap om utviklingshemming, barnefamiliar, rus og psykiatri.
- Individuell plan er ikkje gjennomført som arbeidsverktøy i alle einingar.
- Avlastningstilbodet for ungdom treng utvidast til å omfatta trening og sjølvstendiggingering med tanke på eigen bustad
- Støttekontakt-tenesta bør differensierast meir slik at det også omfattar treningskontakt (fysisk aktivitet), fritid med bistand (ledsagar) m m

#### Arbeidsgruppa tilrår:

1. Etablere fagteam for tenester til menneske med nedsett funksjonsevne.
2. Sikra at Individuell Plan vert tilbydd til alle med samansette hjelpebehov.
3. Auka kunnskap i heimetenestene om arbeid i heimar med utviklingshemming, barn, rus og psykiatri.
4. Utvikla støttekontakt-tenesta til også å innebera treningskontakt, fritid med bistand mm

### 6.2.5.2 Bustad

Iflg Sosialtenestelova skal kommunen medverka til å skaffa bustader til personar som sjølv ikkje kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden, herunder bustader med særleg tilpassning og med hjelpe- og vernetiltak for dei som treng det på grunn av alder, funksjonshemming eller av andre årsaker. § 3-4

Det er dei siste åra bygd mange omsorgsbustader i Kvam, og behovet for slike bustader til vaksne/ eldre med særleg omsorgsbehov er relativt godt dekkja pr. i dag. Kvam nyttar Husbanken sine ordningar med Startlån og tilskot for å gje hjelp til eigen bustad for menneske med nedsett funksjonsevne og svak økonomi.

Kvam herad og Bustadstiftinga sine utleigebustader er og viktige tiltak i arbeidet med å skaffa bustad til personar som har vanskar med å klara dette på eiga hand.

### **Behov for tiltak som er avdekka under planarbeidet:**

- Arbeidet med å skaffa eigen bustad til ungdom med nedsett funksjonsevne er ein prosess som vanlegvis tek fleire år. Det er difor viktig å starta arbeidet så tidleg som mogeleg. Det trengst koordinering og kompetanse i arbeidet med brukar/foreldre, eventuell utbyggjar, Husbank m.m.
- Nokre leigebuarar i kommunale utleigebustader treng opplæring og hjelp til å meistra å bu sjølvstendig, for å skapa trivsel for den einskilde og redusera uro i nabolaget. Det er trong for meir tid til og kompetanse på slik oppfylgjing enn det ein har pr. i dag.

### **Arbeidsgruppa tilrår:**

1. Sikra overgang til eigen heim for ungdom med nedsett funksjonsevne
2. Auka kompetanse og ressurser til oppfylgjing av leigebuarar i kommunale utleigebustader

## **6.2.6 Fritid / kultur / friluftsliv**

”Mennesker med nedsatt funksjonsevne deltar i mindre grad enn andre i ulike kultur- og fritidsaktiviteter. Lav deltagelse henger sammen med manglende tilrettelegging av tilbudene og den dårlige fysiske tilgjengeligheten til kulturbygg. Dette har sammenheng med at mennesker med nedsatt funksjonsevne møter problemer med ekskluderende holdninger, transport, merutgifter og udekkede behov for assistanse.” (NOU 2001:22). For menneske med nedsett funksjonsevne er områda i nærmiljøet ekstra viktige, då det er dei som er lettast oppnåelege i kvardagen. Friluftsliv-områda på Holmsund og i Fitjadalen er tilrettelagt for rullestol. Bygningar som vert nytta til kulturelle aktivitetar i Kvam har universell utforming i varierende grad, t.d ungdomshus, museum, kino, hotell, bedehus. Kvam herad set som vilkår for tildeling av kulturmidlar at laget nyttar ordninga med ledsagarbevis. Kvam herad tilrettelegg kultur- og fritidsaktivitetar for menneske med utviklingshemming, og nyttar fritidsassistentar som medhjelpar på arrangement.

### **Behov for tiltak som er avdekka under planarbeidet:**

- Manglande universell utforming av bygningar som vert nytta til kulturelle aktivitetar.
- Manglande informasjon om tilgjengelege aktivitetar og friluftslivsområde.
- Opplæring i friluftsliv for foreldre, lag, støtte- og fritidskontaktar.
- Fleire tilgjengelege friluftsliv-område.
- Fleire tilrettelagde tilbod, t.d. bassengtrenoing
- Meir informasjon om ledsagarbevis.
- Betre koordinering mellom ynskje/behov frå målgruppa og tilrettelegging av kultur-/fritidsaktivitetar.

### **Arbeidsgruppa tilrår:**

1. Arbeida for at lokale som vert nytta til kultur- og fritidsaktivitetar har universell utforming
2. Arbeida for at menneske med nedsett funksjonsevne kan delta i det ordinære kultur- og fritidstilbodet i heradet. M.a. auka fokus på informasjon og opplæring i samband med bruk av friluftsliv-område.
3. Arbeida for fleire tilrettelagde tilbod innan idrett, kultur og fritid
4. Syta for informasjon om ledsagarbevis til brukarar, lag og organisasjonar

## **7.0 RISIKOVURDERING**

(der vi kan "trå feil")

"Planen tek føre seg problem slik dei framstår i dag gjennom kartlegging og kunnskap. Ein må til en kvar tid vera observant på situasjonar i samfunnet som kan skapa behov som må løysast gjennom nye tiltak".

## **8.0 PROSEDYRE FOR HANDTERING AV AVVIK**

Avvik er mangel på oppfyling av spesifiserte krav i lov /forskrift og av faglege krav. Avvik vert avdekka ved overvaking av dagleg drift, resultatkontroll, behandling av klager, systemrevisjon m.m. Kvam herad har prosedyre for korleis avvik skal rapporterast, fylgjast opp og rettast.

## **9.0 PROSEDYRE FOR INTERN REVISJON**

Ved budsjettarbeid kvar haust vert gjennomføring av tiltak i handlingsplanen vurdert, og eventuelt justert. Kvam herad har dessutan prosedyrar for gjennomføring av interne systemrevisjon.

## 10.0 FRAMLEGG TIL TILTAK :

	Tiltak	Ansvarleg
1	<p>Alle bygg som kommunen nyttar til sine tenester skal ha universell utforming.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Større merksemd på prosessen frå planlagde tiltak til gjennomføring slik at løysingar på papiret vert løysingar i praksis ved nybygg/ ombygging av offentlege bygg</li> <li>• Større fokus på tilrettelegging for orientingshemma</li> <li>• Oppmoda om at bygningar kommunen leiger til arrangement skal stetta krava til universell utforming</li> </ul>	Plan og byggesak/ Tekniske tenester/ Kultur og skule
2	Syta for medverknad frå brukarrepresentant, ergoterapeut eller andre med særskilt ansvar for å sikra universell utforming i plansaker ved nybygg /omfattande ombygging tiltenkt ålmenta eller personar med nedsett funksjonsevne.	Plan og byggesak
3	<p>Spesielt fokus på fylgjande ved sakshandsaming etter plan og bygningslova:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Helse-Miljø-Sikkerhet (HMS)</li> <li>• tilgjenge</li> <li>• sanksjonar i samsvar med lova.</li> <li>• Dispensasjon <ul style="list-style-type: none"> <li>○ ved søknad om dispensasjon frå brukbarhetskravet for orienterings- og rørslehemma er det utvida varslingsplikt ( t.d. også til brukargrupper)</li> <li>○ Det skal ikkje dispenserast frå brukbarhetskravet for orienterings- og rørslehemma når det gjeld arbeids- og publikumsbygg, inklusiv handikap-WC.</li> <li>○ Det skal ikkje gjevast løyve til å ta i bygget i bruk før kravet er innfridd.</li> </ul> </li> </ul>	Plan og byggesak
4	Teleslynge i heradstyresalen	Tekniske tenester
5	Tydeleg merking av parkeringsplassar for handikappa ved kommunale bygg.	Tekniske tenester
6	Arbeida for at kommunale einingar og private bedrifter satsar meir på tilrettelagde arbeidsplassar	NAV / Alle einingar
7	Arbeida for eit breiare spekter av statleg økonomisk støtte til arbeidsgjevarar som ynskjer tilby tilrettelagde arbeidsplassar.	Heradstyret/ NAV
8	Tilretteleggja for eit breiare spekter av dagtilbod / aktivitetstilbod for personar som ikkje kan gå i tilrettelagt arbeid.	Pleie- og omsorg / NAV

	<b>Tiltak</b>	<b>Ansvarleg</b>
9	Utvikla og implementera eksisterande rutinar særleg når det gjeld spesialundervisning og overgang mellom barnehage - skule, barneskule - ungdomsskule, ungdomsskule - vidaregåande skule.	Barnehage/ Skule
10	Spesialpedagogiske tiltak: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikra spesialpedagogisk kompetanse gjennom vidareutdanning. Syta for å vedlikehalda, samordna og utvikla denne.</li> <li>• Oppretta spesialpedagogisk kontakt i alle barnehagar</li> <li>• Nytta spesialkompetanse på tvers av barnehagar og skular</li> </ul>	Barnehage/ Skule
11	Tilsetja fagpersonar med sosialpedagogisk kompetanse/ psykisk helsearbeid i skulen.	Skule
12	Utvikla det tverrfaglege samarbeidet på systemnivå ved: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Å sikra at Individuell Plan vert tilbydd alle med samansette behov</li> <li>• Utarbeida rutine for ansvarsfordeling mellom tenestene vedk. Individuell Plan for barn og ungdom</li> <li>• å samordna tilsetjingsprosessar for å nytta opparbeidd kompetanse der det til eikvar tid er størst behov</li> </ul>	Barnehage/ Skule/ PPT/ OT/ Helse/ Pleie- og omsorg/ Barnevern
13	Oppretthalda og vidareutvikla tilbod om vaksenopplæring	Skule
14	Auka kunnskap om ulike funksjonshemmingar og hjelpetiltak	Alle einingar
15	Auka kunnskap om arbeid i heimar med barn, utviklingshemming, rus	Pleie- og omsorg
16	Vidareutvikla Lærings- og meistringstilbod i Kvam	Helse
17	Oppretta tverrfagelge team der det er hensiktsmessig for menneske med nedsett funksjonsevne, t.d. innafor habilitering/ rehabilitering	Helse/ Pleie- og omsorg
18	Arbeida for fleire spesialisthelsetenester i Kvam	Helse
19	Utvikla støttekontaktenesta til også å innebera treningskontakt, fritid med bistand m.m.	Pleie- og omsorg
20	Sikra overgang til eigen heim for ungdom med nedsett funksjonsevne, og arbeida for skaffa butilbod som samsvarar med brukaren sine behov.	Pleie- og omsorg
21	Auka kompetanse/ressurser til oppfylgjing i kommunale utleigebustader	NAV
22	Arbeida for at menneske med nedsett funksjoneevne kan delta i det ordinære kultur- og fritidstilbodet	Kultur
23	Arbeida for fleire tilrettelagde tilbod innan idrett, kultur, fritid	Kultur
24	Syta for informasjon til brukarar/ lag/ organisasjonar om ledsagarbevis	Kultur
25	Arbeida for å påverka fylkeskommune, stat, private til å tilretteleggja for fysisk tilgjenge og handikaptalett i alle publikumsbygg i Kvam.	Alle einingar/ heradstyret